



Aurland, 16.08.2022

Kommunal- Og Distriktsdepartementet
Postboks 8112 DEP
0032 Oslo

Vår ref.
22/532-1

Dykkar ref.

Sakshandsamar
Jan Olav Åsarmoen Møller, 45978522

Arkiv

Fråsegn frå Aurland kommune - endring til byggteknisk forskrift - krav til tryggleik mot skred og flodbølgje som følgje av fjellskred

Direktorat for byggkvalitet (DiBK) har på oppdrag frå Kommunal- og distriktsdepartementet sendt forslag om endring av byggteknisk forskrift (TEK17) på høyring. Endringane som vert føreslått er knytt til TEK17 § 7-3 Sikkerheit mot skred og § 7-4 Sikkerheit mot skred. Unntak for flodbølgje som skyldast fjellskred.

I høyringsforslaget datert til 24.06.2022 vert det framlagt forslag om:

- Krav om tilfredstillande sikkerheit for områder utsett for flodbølgja som fylgje av fjellskred kan ivaretakast gjennom periodisk overvaking i regi av NVE
- Bygg for storulukkevirkosomheiter og enkelte andre bygg ikkje skal vera underlagt totalforbod mot plassering i skredutsette områder
- Enklare regler for midlertidige einingar i skredutsette områder knytt til bygge og anleggsarbeid

Det vert påpeika at endringsforslaget er del av eit større og pågåande arbeid med å utreda ytterlegare endringar i regelverket knytt til flaum og skred.

I høyringsnotatet som grunnleggjv forslaget til endringar i TEK17 §§ 7-3 og 7-4 vert det under 4 *Gjeldande rett* synt til at ved revisjon av plan- og bygningslova i 2008 lagt fokus på å styrka samfunnssikkerheita. Ved utarbeiding av planar for utbygging, er det pliktig å påse at risiko- og sårbarheitsanalyse vert gjennomført for planområdet. Føremålet med innføring av ROS-analyse i planarbeid er å hindra naturskapt og menneskeskapt fare.

Krava knytt til sikkerheit for eit utbyggingsområde er lista opp i plan- og bygningslova § 28-1: det er tillatt å gje løyve til bygging i områder utsett for naturfare, så fram krav til tilstrekkeleg sikkerheit vert ivareteke. Kva som reknast som tilstrekkeleg sikkerheit vert utgreiia i TEK17 § 7-3. Det vert i TEK17 lagt krav om at byggverket vert plassert utanfor faresonen, eller ved å gjennomføra sikringstiltak for å redusera sannsynet for t.d. skred som kan medføra fare for liv, helse eller større materielle skader.

I 2009 vart unntaksbestemmelsen § 7-4 Sikkerheit mot skred. Unntak for flodbølgje som skyldast fjellskred innført. Føremålet til bestemmelsen var å dekkja tilfella der konsekvensane av manglande utbygging ville vera at lokalsamfunnet mista deira moglegheit for utvikling og oppretthalding av næring og befolkning. Det vert sett krav om at blant anna personsikkerheiten skal vera ivareteke gjennom eit beredskapssystem basert på sanntids overvaking, varsling og evakuering. Bestemmelsen knyttast direkte til flodbølgja som ein sekundærverknad av

fjellskredet.

Aurland kommune

Aurland kommune er kjend som ein reiselivskommune med store verdiar knytt til natur, kultur og landskap. Det spektakulære landskapet tiltrekker seg besøkande frå nært og fjernt. Sidan 2005 har Vestnorsk fjordlandskap stått oppført på UNESCO si verdsarvliste, der delområde sør, Nærøyfjordområdet, består av store areal som ligg i Aurland kommune. Kvardagslandskapet vårt har verdsarvstatus. Innanfor verdsarvområdet ligg det fleire naturreservat og eit stort landskapsvernområde. Vidare er Aurlandsfjorden ein del av Sognefjorden som er nasjonal laksefjord, medan Flåmselvi og Nærøydalselvi er nasjonale lakseelvar. I fjellområda er det villrein. Nordfjella villreinområde er definert som nasjonalt villreinområde og store delar av dette området ligg i Aurland kommune.

Naturlandskapet har vidare gitt grunnlag for heilt særeigne kulturverdiar. Folk har busett seg og opphaldt seg i Aurland i lange tider, og det er mange spor på dette i omgjevnadene våre: Med gamle gravhaugar og steinrøyser, tradisjonell stølsdrift i bratte fjellsider, verneverdige klyngetun og strandsitjarmiljø. I tillegg har me fleire nasjonalt og internasjonalt kjente attraksjonar som Flåmsbana, Rallarvegen, Aurlandsdalen og Undredal Stavkyrkje, og i Flåm ligg ein av dei mest besøkte cruisehamnene i Noreg. Kommunen er eit attraktivt reisemål med over ein million besøkande i året, noko som fører med seg eit stort behov for god besøksforvaltning og velfungerande infrastruktur. I snitt er det i underkant av 7000 menneske i kommunen pr dag, i sommarhalvåret er det 20 000 menneske pr dag.

Dei fem bygdene Flåm, Aurlandsvangen, Vassbygdi, Gudvangen og Undredal, er saman med dei mange små grendene populære destinasjonar for tilreisande, men samstundes også heimstader for innbyggjarane. I 2021 var me 1766 innbyggjarar i Aurland kommune. Folketalet er venta å framleis ha ein svak vekst fram mot 2040.

Ustabile fjellparti i Aurland kommune:

- Joasetberget: Joasetbergi i Aurland er eit ustabil fjellparti. Over fleire år er det gjennomført kartlegging. Det er avklart og gjort berekning for eit potensielt skred på 280.000 m³ frå Joasetbergi .
- Stiksmoen: Stiksmoen i Aurland er eit ustabile fjellparti like ved Joasetbergi, nyleg kartlagt av NVE(NGI rapport). Skredvolumet er berekna til 400 000 m³.

Overvakingssystem:

Kommunen har eit overvåkingssystem i regi av NVE. Ved fare på raudt nivå har kommunen 48 timer til å evakuere innbyggjara og besøkande.

For Flåm i Aurland har det sidan 2015 vore jobba med ein områdereguleringsplan. Arbeidet er krevjande og har teke tid blant anna på grunn av dei kartlagde fjellpartia Joasetbergi og Stiksmoen. Utvikling av Flåm og løysingar i områdeplanen er avgrensa på grunn av dei to ustabile fjellpartia.

Behov for endringar

Revisjonen av plan- og bygningslova frå 2008 hadde som føremål å leggja til rette for eit tryggare samfunn med mindre ulukker knytt til natur og menneskeleg fare. Plan- og bygningslova legg i §1-1 at lovas føremål er å fremja berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar. Store deler av Noreg er prega av fjordar og dalar som er omgjevne av høge og bratte fjellsider. Denne topografien gjer grunnlag for ustabile fjellparti. Dei siste 10 åra har omfanget av kartlagd fjellskredfare auka monaleg, det har og kunnskapen på feltet. Det er per 2022 registert 300 ustabile fjellparti i landet. Erfaringar frå Noreg og andre lavseismiske område syner at fjellskreda utviklar seg i lange forstadier der fjellpartier

gjennomgår sakte bevegingar som kan føregå i fleire tiår, århundrer eller årtusener før massane kjem ned.

Ser me på busetnaden i Aurland frå gammalt av, kan ein sjå korleis dei bygde kring naturfaren. Dei opplevde gjerna naturfaren tett på, og tok val basert på erfaring gjennom generasjonar. Jo nærmare notida me er komen, jo meir kunnskap har me tilegna oss gjennom nye analyser og teknologi. Ny kunnskap, overvaking og sikring gjer grunnlag for å nytta tidlegare bandlagde areal.

Flåm har i fleire år vore prega av atterhald i bygging og utvikling av tettstaden, knytt til usikkerheita rundt risiko, sannsynlegheit og omfanget av skred frå fjellpartiet.

Slik regelverket ligg i TEK17 i dag, legg lova eit forbod på utviklinga i fleire lokalsamfunn som er ramma av eit ustabil fjellparti med treffsone på land. TEK17 gjev unntak for sekundærverknader av fjellskred ved kontinuerlege overvaking, t.d. flodbølgja som konsekvens av skred i vatn. TEK17 gjer ingen dispensasjon for direkte treff av massar på land ved kontinuerleg overvaking.

Kva betyr dette for Aurland?

Store deler av Vestlandet og Nord-Norge er prega av djupe fjordar og bratte, ustabile fjellsider. Ein stor del av Noregs befolkning bur og lev med naturfare kvar dag. Me har akseptert risikoen, både no og i tidlegare tider. I området kring dei kontinuerleg overvaka fjellpartia i Noreg vil me tørre å påstå vera dei tryggaste områda å bu i. Her blir all rørsle registrert og vurdert av fagfolk frå NVE, døgnet rundt heile året. Det er strenge krav for varsling for overgang mellom grønt, gult, oransje og raudt farenivå. Grunna den strenge overvakinga, vil me ha kontroll på liv og helse. Liv og helse vil ikkje vera ein faktor i ein skredsituasjon, menneskeliv vil ikkje gå tapt.

Ved direktetreff av faste masser vil det oppstå materielle skader. Me syner til TEK17 § 7-4 som gjer unntak for sekundær verknader frå fjellskred, nemleg flodbølgja. Me ser ingen forskjell om ein bygning eller anlegg vert knust av flaum eller faste masser. Bygningen eller anlegget vert øydelagt uansett påverknad, og utfallet vil verta det same i begge tilfella. Me meiner at unntaksbestemmelsen i TEK17 § 7-4 bør opna for direktetreff av faste massar. Unntaksbestemmelsen vert innført i 2009 med føremål å dekkja dei tilfella der konsekvensane for manglande utbygging ville vera at lokalsamfunnet mista deira moglegheit for utvikling og oppretthalding av næring og befolkning.

Aurland står nå i ein situasjon der me slit med å oppretthalda innbyggjartalet og næringslivet i bygda. Bygda opplev mangel på areal til bustadbygging og næringsareal, me har ikkje tilstrekkeleg areal å tilby til dei som ynskja bu og drive næring her. Dei som allereie bur eller driv næring i Aurland får avgrensa handlingsrom i høve kva dei får gjera vidare med eigne eigedommar. Bygda Flåm opplev mangel på areal til næring, me har ikkje areal å tilby bedrifter som ynskjer å etablere seg her. Me har behov for areal der næringslivet har moglegheit for ekspansjon i framtida.

Eksisterande næringsareal er omkransa av bustad, infrastruktur og omsynssoner, det gjev ikkje moglegheit for vekst. Aurland har lite landbruksjord, men me vonar ivareta det me har. Det er vanskeleg å oppnå auka lokal matproduksjon med kraftige restriksjonar på vidareutvikling av landbruksnæringa. Kontinuerleg overvaking ivaretar krava i TEK17 §7-3. Den kontinuerlege overvakinga gjev grunnlag for å hindra tap av menneskeliv og viktige funksjonar vert flytta før eit skred. Materielle skader vil skje uansett flodbølge eller fjellskred, og vil vera tilnærma like omfattande for begge tilfella. Ustabile fjellparti er noko me må leva med. Fjellskred varslar seg sjølv, men dei kan ha lang utviklingstid. Sjølv om det vert sett eit sannsyn for skred,

betyr ikkje dette at skredet kjem i overskodelig framtid. Det å få eit ustabilt fjellparti kan stansa utviklinga av områder for all framtid. Skredet kan gå om 10 år, 100 år eller 2000 år.

Plan- og bygningslova § 1-1 syner gjennom føremålet med lova å fremja berekraftig utvikling for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar. Korleis kan ein stopp i utbygginga i fjord-Norge vera berekraftig for den enkelte, samfunnet eller framtida sine generasjonar? Ei stopp i utviklinga i Aurland vil ikkje vera synonymt med plan- og bygningslova. Å stoppa utviklinga i Aurland vil ikkje vera eit berekraftig val for innbyggjarene, samfunnet Aurland eller for kommande generasjonar. Utan endring i regelverket vil kommunen og bygda Aurland visna.

Me treng ei endring i TEK17 §7-4 Sikkerheit mot skred. Unntak for flodbølgje som skuldast fjellskred. Me treng ei endring som opnar for bygging i kontinuerleg NVE-overvaka skredutsette områder med **fare for direkte treff av masser**.

Med helsing
Aurland kommune

Trygve Skjerdal
Ordfører

